

## Knallsuksess for russen

27.11.2014



Det var litt av ein finale!

Det vart delt ut mange både verbale og verkelege blomar då russen sette punktum for ein 5 kvarter lang revy på Husnes ikveld. Men for vår del vil vi gje Malin Fjellandsbø den vakraste blomen fordi ho hadde ansvaret for det absolutte høgdepunktet. Ho hadde koreografert dansen som runda av det heile. Alle 58 aktørar var samstundes på scena og imponerte stort med sin presisjon. 460 kom for å sjå ein revy som vart svært vellukka trass i negative prognosar og fleire er det knapt plass til.



[Musevisa hadde ein litt overraskande innfatning](#)

Russen fortener eit nytt fullt hus på laurdag klokka 18!  
Tittelen på framsyninga var NO KJÆM'EN fordi dei unge revyskodespelarane hadde støtta seg til Prøysen-viser i betydeleg grad.

Det var ein vakker hyllest til ein stor diktar som ville ha fylt 100 om han hadde levd i 2014 sjølv om Musevisa og Lillebror hadde eit noe overraskande innhald.

Innhaldet i revyen er også prega av TV-seriar og russen skal ikkje klandrast for det. Men dosen med jakten på kjærleiken er kanskje i største laget sjølv om June Aarseth Guddal legg for dagen ei betydeleg skodespelartalent i likheit med fleire andre.

Russen skal imidlertid også ha ros for dei sekvensane som er innspela på førehand, sjølv om ein som ikkje kjenner dei interne tilhøva på skulen kan bedømme alle gullkorn som vert sluppe..

Dette året er 4 frå Uskedalen med i revyngjengen og det er fleire enn vanleg. Dei er Hans Fredrik Guddal Zimmer, Kaja Døssland, Karoline Amundsen og Katrine Yri Røssland.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



June Aarset Guddal imponerte